



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
	Kommunestyret	

Søknad om endra vilkår for løyvd tilskot - Fjord og Fjellruta v/ JVB Travel.

Saksopplysningar:

Vang kommune vedtok i sak 064/25 (23.10.2025) å støtte etableringa av Fjord og Fjellruta med totalt kr 750 000 fordelt over tre år: "Vang kommune vedtek å løyve inntil kr 750.000,- til prosjektet Fjord & Fjellruta v/ JVB Travel, fordelt over tre år (2026–2028), med føresetnad om tilsvarande finansiering frå kommunane Årdal og Lærdal. Midlane skal gå til drift av bussruta i etableringsfasen, og skal ikkje nyttast som generell driftstøtte til JVB-konsernet. Løyvinga vert innarbeidd i budsjettprosessen for dei aktuelle åra.

Det vert stilt følgjande vilkår for tildelinga:

1. **Årleg rapportering:** JVB Travel AS skal innan 1. desember kvart år levere ein kortfatta rapport til kommunen som dokumenterer: - Tal på reisande og bruk av tenesta. - Økonomisk status for prosjektet. - Samarbeid med lokale aktørar. - Eventuelle utfordringar og justeringar i drifta.
2. **Sluttrapport:** Ved utgangen av støtteperioden (2028) skal det leverast ein sluttrapport som vurderer måloppnåing, vidare drift og effektar for lokalsamfunnet

Eit sentralt vilkår for løyvinga er som nemnt at kommunane Årdal og Lærdal skal bidra med tilsvarande sum i same periode: JVB Travel, ved Valdres Næringshage, har no sendt ein søknad om å få endra dette vilkåret. Grunngevinga er at Årdal og Lærdal enno ikkje har fatta vedtak om støtte, og at det er uvisst om dei vil bidra med same sum som Vang kommune. Søkjar peikar på at bortfall av støtta frå Vang, som følgje av manglande medfinansiering frå nabokommunane, kan true oppstarten av bussruta.

Innleiande vurdering

Det er forståeleg at kommunestyret i Vang i vedtaket sette vilkår om likeverdig medfinansiering. Ei felles rute som går gjennom tre kommunar bør i utgangspunktet ha støtte frå alle, både av omsyn til økonomisk berekraft, prinsipielt ansvar og venta positiv regional effekt av satsinga.

Det er likevel fleire moment som taler for å vurdere ei mjukare tilnærming til vilkåret:

1. **Usikker etableringsfase.**
Søkjar opplyser at billettinntektene dei første åra vil vere vanskelege å fastslå, og at ekstern finansiering er avgjerande for å kome i gang. Vang si støtte har vore eit viktig premiss for å halde oppe merkemda rundt prosjektet i dei to andre kommunane.
2. **Regional interesse og næringspotensial.**
Reiselivsaktørar i alle tre kommunane etterspør transporttilbodet, og Visit Sognefjord har

gått inn med økonomisk bidrag. Dette indikerer at prosjektet har brei næringsmessig støtte og potensial for verdiskaping i regionen.

3. **Risiko ved å oppretthalde vilkåret fullt ut.**

Dersom Vang held fast på kravet om identisk finansiering, kan støttevedtaket falle bort, noko som igjen kan føre til at Fjord og Fjellruta ikkje vert realisert. Det vil vere uheldig både for reiselivet og for Vang som destinasjon og knutepunkt.

4. **Kommunane i Sogn ikkje avvisande.**

Søkjar har teke opp att dialogen med Årdal og Lærdal. Det er ikkje signal om manglande vilje, men om økonomisk avklaring og tidsbruk. Det kan difor vere føremålstenleg at Vang viser fleksibilitet for å få bussruta i gang.

Forhold til kommuneplan, areal-/ samfunnsdel:

Kommuneplanen sin samfunnsdel lyfter m.a. fram fylgjande prioriterte satsingar under hovudmålet *“Vang skal ha eit variert og innovativt næringsliv”* :

- å fremje eit variert, mangfaldig, framtidsretta og konkurransedyktig næringsliv.

- aktiv besøksforvaltning som fremjar gode opplevingar for gjestene og varetek levande bygder, flora og fauna.

Økonomiske konsekvensar m.v:

Fjord og Fjellruta skal driftast som eit samvirkeføretak (SA) utan profittformål. Hovudinntektene kjem frå billettsal og garantiinnskot frå partnerbedrifter, medan den dominerande kostnaden er betaling til bussleverandør (Vy).

Inntekter:

- **Billettinntekter** er føresett å auke gradvis frå oppstartsåret 2026 (kr 715 000) til full drift i 2029 (kr 1 080 000–2 700 000 avhengig av scenario).
- **Partnerbedrifter** garanterer billettsalg på **530 000–630 000 kr** i tre år.
- **Kommunal støtte** frå Vang på kr. **750 000 kr** fordelt over åra 2026–2028. Det vert arbeidd vidare med økonomisk støtte frå kommunane Lærdal og Årdal.
- **Offentleg støtte frå fylka** er venta i 2027–2028 (0,45–0,575 mill. kr).

Totale inntekter ligg mellom **1,4 og 2,7 millionar kr** per år i perioden.

Kostnader

- **Bussleverandør (Vy)** står for den største kostnaden, mellom **1,32 og 2,52 millionar kr** årleg.
- **Administrasjon** er høgast i 2026 (95 000 kr) og fell til 20 000 kr frå 2029.
- Totale kostnader ligg på nivå med inntektene dei tre første åra.

Resultat

- Ruta er budsjettetert til å gå i **null** i 2026–2028.
- Første år med positiv margin er **2029**, med eit forventta overskot på **160 000 kr**.
- Eventuelle overskot skal pløyast tilbake i drifta.

Finansieringsmodell

- Partnerbedrifter forpliktar seg med garantiinnskot som sikrar grunnlag for drift i tre år.
- Vy bidreg med **risikoavlasting**, men endeleg sum er førebels ikkje fastsett.
- Kommunar og fylke er viktige medfinansiørar i oppstartsfasen.
- Målet er at ruta skal vere **sjølvberande etter 3 år**, med utviding av sesong og frekvens.

Utviklingsplan

- **2026:** Oppstart, kort sesong, tung satsing på marknadsføring.
- **2027:** Utvida sesong (3 månader), størst økonomisk belastning.

- **2028:** Utvida avganger, justering etter erfaringar.
- **2029–2030:** Stabil drift; vurdering av nye ruter.

Samla vurdering:

Vilkåret om identisk finansiering frå tre kommunar framstår som krevjande i praksis. Søknaden gir ikkje grunn for å tvile på at JVB Travel arbeider aktivt for å få med dei to andre kommunane. Ein fleksibel justering av vilkåret vil redusere risikoen for at ei regionalt viktig satsing fell saman, utan at Vang tek ein urimeleg stor økonomisk risiko.

Administrasjonen vurderer at omsynet til næringsutvikling, reiseliv og regionalt samarbeid veg tyngre enn trongen for å halde fast ved det opphavlege vilkåret. Kommunedirektør finn difor grunnlag for å fremje fylgjande:

Framlegg til vedtak:

Vang kommune vedtek fylgjande endring i KS-064/25:

1. Vilkåret om at kommunane Årdal og Lærdal skal løyve tilsvarende sum vert endra til: *Kommunane Årdal og Lærdal skal bidra med ei rimeleg og forholdsmessig økonomisk støtte til etableringa av Fjord og Fjellruta.*
2. Vang kommune sitt vedtak om støtte på kr 750 000 over tre år står ved lag uavhengig av om nabokommunane løyver identisk sum, så lenge JVB Travel kan dokumentere at det vert arbeidd aktivt med å få på plass regional / anna medfinansiering.
3. JVB Travel skal innan utgangen av år 1 leggje fram ei kort statusmelding for kommunestyret om økonomi, trafikktalet og vidare plan.